

LOV OG EVANGELIUM

Utgis av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 5

Mai 1988

24. årg.

Jesus er som før

Tone: Den tro som Jesus favner...

Når tunge byrder trykker,
som i et mareritt. –
Mitt liv er gått i stykker,
min kristendom, falitt.
Jeg går mest som på glør.
Alt ondt har overtaket.
Jeg har et håp tilbake
– at Jesus er som før.

Jeg ser mitt livs ruiner
foruten «sten på sten».
Det smerter, nager, piner.
Jeg er i sannhet en
som er fordømt. Og hør:
Det er *Guds* dom som rammer.
Mitt håp er, i min jammer,
at Jesus er som før.

Jeg sukker, gråter, stønner.
Jeg ser mitt livs forlis.
Hva hjelper mine bønner?
Mitt hjerte er som is.
Vel vet jeg hva jeg bør.
Men kan jeg endre hjertet?
mitt håp er, i min smerte,
at Jesus er som før.

Når jeg har bedt og sukket,
og intet under skjer –.
Og himlen synes lukket –.
Jeg gråter ikke mer.
Mitt hjerte bare blør.
Men intet kan jeg makte.
Men mot den mest forsagte,
er Jesus slik som før.

Når jeg tar til å grave
i hjertet, i dets dynd,
da ser jeg meg som slave
av alt som heter synd.
– Guds hellige, å rør
meg ikke, meg urene.
Mitt håp er dette ene
at Jesus er som før.

Når alle djevler raser
med velde i mitt bryst.
Og bønnene blir Fraser,
og synden selv, min lyst.
Da er det «Jeg» som dør.
Da har jeg, usle krypet.
et håp, her i det dype,
at Jesus er som før.

– Å, du, som nettopp føler
deg rent som en besatt.
Når alle djevler brøler,
tror du deg Gudforlatt,
i selve satans klør.
Du makter knapt å ånde.
Men midt i all din vånde,
er Jesus slik som før. –

Når alt av ondt forvirrer –.
Jeg er som Gudforlatt.
Jeg bare går og stirrer
i en formørket natt.
Det legger seg et slør,
som skjuler og utsletter
hvert ord som han forjetter.
Men Jesus er som før.

Å nei! – som han er ingen!
Han er en *synders* venn.
Det letter så for bringen
når jeg ser *ham* igjen.
Jeg lever, ånder, dør
på dette, han forkynner,
at Jesus mot en synder,
er likedan som før.

Og alle himler smiler.
Og alle engler ler.
Og jeg som går og tviler,
jeg tviler ikke mer.
Jeg som har tapt gehør
for troens jubeltoner,
jeg jubler: «Min Forsoner!
du er jo slik som før!»

Og slik vil han bevise
sin lære, ren og sann.
Nå vil jeg takke, prise,
høylove bare ham.
Og hele Skriften strør
Guds løfter over ferden.
Jeg vitner for all verden
at Jesus er som før.

Jeg løses fra mitt fengsel.
Min fred er Jesus selv.
Han stiller all min lengsel
ved Ordets kildevell.
Hør det i nord og sør!
Hør, kjempende, Hør, treller!
Hør Ordet, som forteller
at Jesus er som *før!*

Å, lykke over lykke!
Å, nåde uten bunn!
Foruten sidestykke!
Han er min frelsesgrunn.
Å, Herre, tenn og nør,
ved Ordet, troens flamme.
Takk, at du er den samme!
Takk, at du er som før! –

Av Olav Nergård

Jesus Kristus er
igår og idag den
samme, ja, til evig tid.
Hebr. 13,8.

Lovløysa sin ande

Syndefallet førde med seg mykje, ogso lovløysa og trældom. Vi som var skapte i Guds bilet til fred, harmoni, og fridom, fekk død og dom. Difor, liksom synda kom inn i verda ved eitt menneske, og døden ved synda, og døden soleis trengde seg igjennom til alle menneske for di alle synda. Rom.5.12. For løyndomen i lovløysa er alt verksam, berre at det som no held att, vert rudd undan. 2.Tes.2.7 fl.

Løyndomen i lovløysa, det er noko menneske ikkje ser eller forstår i dette ord. Kvifor? Fordi menneskehjarta er vondt og formørka og elskar lovløysa. Det vil vera fri og leva fritt. Det er sjølve ulukka, og nauda. «Denne verda sin Gud har forblinda hugen åt dei

vantruande,» seier Guds ord. Men er mennesket fritt om det forkastar lov og normer for liv og lære? Nei, og etter nei! Det er og blir ulukkeleg for tid og æva, om ikkje lova når til samvet og hjarta. Å, om lova som seier: «Vakna du somsov» nådde til øyra og hjarta i folket vårt før det var for seint.

Men når lovløysa kjem inn i menighet og Guds forsamling på jord, det er endå verre. Korleis går det til? Guds ord viser fleire måtar som det skjedde på. Nikolaitane si lære står det skreve om, som Gud hatar. Dei hadde vel røynt ordet til gjenføding og barnekår hjå Herren. Alt var så stort, herleg og godt. Dei fekk liggja ved frelsarens barm og kvilta. Men so kom kvardagen, ordet gav ikkje lengre så god smak. Bøna vart tung, treg og kjenslelaus, alt låste seg fast. Då vakna den gamle natur til liv som aldri før. Ein ser på sine medkristne, finn feil og synd. Ja, eg er ikkje betre enn dei. Dei kallar seg som kristne, og ingen dreg deira Gudsforhold i tvil. Så vert det mennesket som dømer kva som er synd, ikkje Guds ord. Livet som er født av Gud, dømer synda etter Guds ord, og bare etter det. Det nye livet i hjarta kjempar for å leva, det ropar, det åtvarer, det gret. Men den gamle natur fekk overtag, først ein gong. Å, kor ofte det då gjekk fort tilbake, steg for steg, til anden måtte flytta frå hjarta. Tenk på Saul.

Andre møtte det same, men det tok ein annen veg. Dei orsaka synda, kalla

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt til alle som sender
eksp., navn og adr.

Bladet blir halde oppe av frivillige gaver.

Eksp: O. Dyrøy, 5620 Tørvikbygd.
Telefon 05-55 83 63

Alt som har med bladet sin eksp. å gjørea,
blir sendt dit, som tinging, oppsigelse
og adresseforandring.

Gaver til bladet kan sendes kass. M. Bø
postgiro 5 68 21 33.

Red. Einar Kristoffersen, Eklundbk. 11
3770 KRAGERØ, tlf. 03-99 08 45.

Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Form. Ragnar Opstad
Opstadv. 38, 4350 Nærø. Tlf. 04-43 36 85
Kass. Margrete Bø,
Vistnesvn., 4070 RANDABERG
Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro 3204.10.10222

det for uhell og veikskap, ingen er fullkommen. Dermed vert det hyklar vegen som opnar seg så lokkande. Ingen prisar Gud meir enn slike, fordi dei vil visa for Gud og menneske at dei har det i orden. Dei er vortne rike og oppblesne. Dei er blitt tørre greiner. Lova si dømande og døyande makt er borte, og blodet sin reinsande og livgjevande nåde er tørka ut.

Ein annan veg er alle lærdoms ver, som blæs frå alle kantar. Så her kan ein velja kva som helst, bare ikkje sanninga og livet, men eventyr. Kan det verta verre? Men det er no noko godt i alle sekter og forsamlingar. Det er hovmod som driv folk til å åtvara. Dei er so dømesjuke og eigenrettferdige og mykje anna. Hadde dei endå levd betre sjølv, så skulle vi tru på dei, slik tenkjer og talar den store masse av kristenfolket i dag. Det som er nytt og samlar folk med synlege teikn og under, vert so lokkande. Det er jo det du manglar du skal få her, eit liv i siger. Du skal få eit liv i tenesta og kjærleik til medmenneske som gjev stor velsigning, bøn, og gjevartenesta, m.m.

Sanneleg er arbeidslista lang og rikdomen stor. Vi taler ikkje vondt om alt dette, men her er lovløysa virksam og gjer si gjerning. Arbeid, samhald og det ytrer i orden, men ikkje død, og ikkje liv.

Lovløysa kan merkast gjennom song og musikk, gjennom drama, miming og underhaldning. Forkynninga er vorten lettsinding, humoristisk og vitsande. Det heilage alvor over bodskap og

bodbærar er borte. Ein vitsar ikkje med dødsbodskapen.

Alt dette og meir til er lovløysa si frukt. Men dette skal du vita - at i dei siste dagar skal det koma vande tider. For folk skal då vera sjølvkjære, pengekjære, storordige, stormodige, spottsame, ulydige mot foreldre, utakksame, vanheilage, ukjærlege, upålitande, baktalande, umåtelige, umilde, utan kjærleik til det gode, svikfulle, framfusse, ovmodige, slike som elskar lystene sine meir enn Gud, som hev skin av gudlegdom, men forneittar hans kraft- og dei skal du venda deg i frå. 2. Tim. 3.1-5.

Vik ei fra mitt hjerte, Dyrebare smerte, Åndens fattigdom! Vis meg mine brister så jeg aldri mister Nådens lakedom! Dette er andens frukt, og Guds barnet sitt, Abba rop.

Odd Dyrøy



Du hev ingen del eller lut i dette ordet; for hjarta ditt er ikkje rett for Gud

(Ap.gj. 8,21)

Det var Peter som sa desse orda til ein mann som heitte Simon, og det gjekk soleis til: Etter at Stefanus blei steina og leid martyrdøden, blei det ei hard forfylging av Guds folk i Jerusalem, og apostlane blei spreidde rundt omkring i Judea- og Samariabygdene. Filip kom til Samaria og forkynte evangeliet, og mange tok imot ordet og kom til trua på Jesus og blei døypte. Millom dei var Simon, som før hadde fare med troldomskunster, og etter han kom til trua heldt han seg nær innåt Filip. Då Simon såg at dei fekk den heilage Ande ved at Peter ba for dei, kom han med pengar til Peter og sa: Gjev meg og den makta, so den som eg legg hendene på får den Heilage Ande! Då svara Peter: Forbanna vere sylvet ditt, og du sjølv med, fordi du tenkte du kunne kjøpa Guds gåva for pengar! Du hev ingen del eller lut i dette ordet; *for hjarta ditt er ikkje rett for Gud.*

Det fyrste me lærer av dette ordet er at Guds gåva – det vil seia Guds frelse i Jesus Kristus – er ikkje å få kjøpt for pengar, eller for noko anna. For av nåde er de frelste, ved tru, og det ikkje av dykk sjølve, *det er Guds gåva*, ikkje av gjerningar, so ikkje nokon skal rosa seg. (Efes. 2,4–9). I Rom. 11,34–35 står det skrive: For kven kjende Herrrens hug? eller kven var rådgjevaren hans? Eller kven gav honom noko fyrst, so han skulle få lika for det? For

av han og ved han og til han er alle ting. Han skal hava æra i all æva. Amen.

Nå er det vel ikkje mange som tenker at dei kan kjøpa Guds gåva for pengar, men det naturlege menneske spør alltid *kva skal eg gjera* for å bli frelst, eller gjera for å arva evig liv. Men Skrifta seier at den som held seg til gjerningar, han er under forbanninga. (Galat. 3,10). Den som ikkje er født på nytt, og ikkje hev fenge den Heilage Ande, vil alltid tenkja slik og forstår ikkje skrifta rett, for han lever under lova og forstår evangeliet på lovisk vis. Seier ordet: Vend om og tru evangeliet so skal du verta frelst, festar du deg ved *rend om* og strevar med å omvenda deg, for du opfattar det som eit vilkår, noko du må gjera for å bli frelst. Høyrer du ordet: Gud står dei stolte imot, men dei audmjuke gjev han nåde, så prøver du å bli audmijk, for å få nåde hjå Gud. Og resultatet blir berre ei falsk audmjkheit, og ingen nåde og frelse hjå Gud. Ofte høyrer du forkynt: Dersom me sannar syndene våre, so er han trufast og rettferdig, so han forlet oss syndene og reinsar oss frå all urettferd. Det er eit herleg evangelium for ein kvar syndar som får sjå inn i det. Men mange er dei som har prøvd å sanna sine synder gong etter gong utan å bli fri syndebøra. Kva er årsaka til det? Jau feilen er den at du missforstår ordet og festar deg ved å

bekjenna, og strevar med det utan å bli viss på om du har bekjent rett, bekjent nok og om du har bekjent alt, og utan at du forstår at du gjer det til eit vilkår, til ei lovgjerning du må gjera for å bli frelst, og me høyrdé at den som held seg til lovgjerningar, han er og blir under forbanninga, slik Peter sa til Simon som ville kjøpa Guds gåva. Og det verste er at mange forkynnalar, både prest og lekmann ikkje ser lenger og kan ikkje føra sjelene lenger. Og resultatet blir mange ulukkelege sjeler som slit og stirr med seg sjølv for å få fred med Gud og finna kvile i nåden, og kunna tru at eg er eit frelst Guds barn.

Kva er årsaka, og kva er løysinga for slike sjeler. Det svara Peter Simon på: *Du har ingen lut i dette ordet, for hjarta ditt er ikke rett for Gud!* Då blir spørsmålet korleis det hjarta er, som er rett for Gud, det hjarta som har del i Guds ord og Guds gåva, og det visar Guds ord oss mange stader.

Fyrst kan me nemna den eine røvaren på Golgata kross. Han hadde eit hjarta som erkjende at han var ein fortapt syndar for Gud, som leid berre det han hadde fortent, og kunne ingen ting gjera for å bli fri synda si løn som er døden, både hender og føter var spikra til krossen. Hans redning blei Jesus som hekk ved hans sida, trua på at han var uskuldig og bøna om at Jesus ville koma han ihug når Han kom i sitt rike. Kvar ein syndar, enten han er røvar og mordar eller kva du er og har gjort, så står det fast at kvar den som kallar på Jesus på nødens dag, han skal bli frelst.

Her fins det ingen skilnad, alle har synda og står ærelause for Gud, men det er heller ingen skilnad, alle blir frelst av nåde, ufortent, ved utløysinga i Jesus Kristus på Golgata kross. «Hvorfor henger han der på forbannelsens tre?» Jo, fordi dine synder var der. Den forbanninga som eg og du levde under, den let Gud råma han, for at eg og du skulle gå fri. Jesus kjøpte oss fri frå forbanninga, sona og tok bort våre synder ved sitt offer, sin død og sitt blod. Jesus sa til han: Sanneleg seier eg deg, i dag skal du vera med meg til Paradis. Den som tek imot og trur det Gud vitnar om Jesus, som vender seg frå seg sjølv og det eg må vera og gjera-og til Jesus, til det han har gjort og er for oss, han blir frelst.

For det andre kan me visa til tollaren som kom til templet for å be. Han stod nede ved døra, slo seg for bringa og sa: *Gud ver meg syndaren nådig!* Og Jesus sa om han at han gjekk rettferdigjort heim til sitt hus. Han hadde lært å kjenna si synd og leid under den, det viser den kjensgjerning at han slo seg for bringa, det var der synda og smerta og erkjenninga sat, dertil trudde han i hjarta at Gud var syndarar nådig. Det var det som dreiv han til å be Gud om nåde, og han gjekk ikkje uhjelpt bort. Lid du under dine synder og eit vondt samvit, dømd av Guds ord, så går du same vegen. Men kom i hug at det er ikkje di erkjenning eller bekjenning som frelser deg, men trua på Jesus som tilgjev synda til kvar den som erkjenner den i hjarta og bed om nåde og tilgjeving. Jesus seier at ynskjer du noko og

bed om noko, so tru at du har fått det, og du skal få det. Den som går ut på mitt ord, trur på Gud og hans ord, han skal få erfara at læra er av Gud. Jesus kom ikkje for å kalla rettferdige, men syndarar. Han kom for å frelsa syndarar og fortapte.

«Du kan ikke tro, å men kjære så hør, Gud har jo sin Sønn for deg givet. Kom hit, kom til korset, se lammet som dør, dets blod har ervervet deg livet».

Amund Lid

Utenfor, for vantros skyld

Hebr. 3,7–19.

Ja, slik er det *idag*, som det har vært fra begynnelsen. Det er bare vantroen som kan stenge et menneske ute fra Guds rike. For Gud *har gitt* oss nåde i Jesus Kristus fra evige tider 2 Tim. 1,9.

Hebr. 3,18 sier om de jøder som ikke fikk gå inn i Kanaans land: «dem som ikke hadde villet tro! Ja, det er vantro; å ikke ville tro.

Men nå er jo saken også slik, på den annen side, at ikke noe menneske kan komme til tro fordi det *vil*, i betydningen bestemmer seg for. Hva skal det tro? Nei, troen er noe som fødes og siden næres ved det ord som blir oss forkynt ved Den Hellige Ånd, der hvor dette ord ikke blir stått aktivt imot. Så kan altså ikke noe menneske bli frelst, dersom det *ikke vil* tro. Dette som kalles å stå Den Hellige Ånd imot, d.v.s. det budskap som blir forkynt. Det er *vantro!* Derfor advarer Guds ord oss i Hebr. 3,12, og sier: «Se til, brødre, at det ikke i nogen av eder er et ondt og *vantro* hjerte, så han faller fra den levende Gud.» Og når det er tale om frafall i fra Gud, så er det alltid tale om frafall ifra *troen*. Se f.eks. 1.

Tim. 4,1. Og i den siste tid skal det blir et stort frafall, ja så stort og bemerkelssverdig at det rett og slett kalles *frafallet*. Og vi må være klar over at det er tale om frafall ifra *troen*. De skal ikke ha nok med troen, den sunne lære. Nei, de skal *ikke tåle* denne lære, men vende seg til eventyr, det som klør i øret 2. Tim. 4,3-4. Det som appellerer til, og tilfredsstiller deres egne religiøse behov. Derfor skal vi nok få se mange slags underlige «gudstjenester» og «kristenliv» i tiden fremover.

Men *imot* alt dette, står frelsen ved troen på Jesus Kristus *alene*. Denne tro innebærer tvertimot all denne menneskefrembragte og menneskesenterte religiøsitet, en *korsfestelse av kjødet* med dets *lyster* og *begjæringer* Gal. 5,24. Ikke å undres da, at den sunne lære ikke skal bli tålt!

Men det er fryktelig å tenke på, at så mange istedet for å gå inn gjennom den åpnede dør, Jesus Kristus og Ham korsfestet, som Gud har velbehag i, skal komme i den stilling overfor Herren som er uttrykt i Hebr. 3,10–11: «Derfor harmedes jeg på denne slekt

og sa: De farer alltid vill i hjertet, men de *kjente ikke mine veier*, så jeg svor i min vrede: Sannelig, de skal ikke komme inn til min hvile!» Fordi de ikke regnet med og tok til seg det som Gud forkynner, nemlig, Jesus *i vårt sted*.

Han har jo forkynt oss det, og Han formaner oss til å holde fast på det Hebr. 3,14 og åp. 2,10.25.

Jeg har i gjenfødelsen fått en *ny vilje* som vil det Gud vil, imot mitt eget onde og vantro hjerte, som fremdeles er der Gal. 5,17. Jeg er kommet i strid med meg selv. Og det er til denne nye vilje formaningene taler. Men jeg både *erkjenner* og *vet* utifra Guds ord, at denne nye vilje ikke kan holde meg oppe, men som ordet sier: «Dere som *ved Guds makt* holdes oppe ved troen – » 1 Pet. 1,5.

Allikevel heter det: «Hold fast!» og «Se til!»

Men når det gjelder vår frelse, dette å gå inn i Guds rike her i verden, å

komme til tro som det kalles, hva står da igjen for oss å gjøre? For alle går jo ikke inn, nei, bare få Mt. 7,14. Som en kjent forkynner sa det, så enkelt kan det uttrykkes igrunn: «Alt det som Jesus ikke gjorde». Altså står der *ingenting* igjen for oss å gjøre! Gud er den som har åpnet, da Han lot Jesus gå i ditt sted. Han krever ikke at *du* skal gjøre noe til frelse, og heller ikke krever Han at du skal tale i tunger, gjøre tegn og under, ha et visst mon av opplevelser eller noe annet for å være en skikkelig» kristen. Nei, Han krever ikke mer enn Han fikk av Jesus, og Jesus, Han er din «skikkelighet».

Se til, brødre, at det ikke i nogen av eder er et ondt og vantro hjerte, så han faller fra den levende Gud, for som det står om israelittene; Sannelig, de skal ikke komme inn til min hvile – *enda gjerningene var fullført fra verdens grunnvoll ble lagt*. Hebr. 4,3.

Einar Kristoffersen

SJELESORG

Av Vincent Færevåg

(*Sjelesorg er to bibeltimar som Færevåg heldt på eit bibelkurs. Då det er eit mykje aktuelt emne, og me trur dei kan bli fleire til hjelp, tek me dei med i bladet som framhald. Dei er skrivne av etter lydband.*)

«Og Herren Gud skapte mannen av mold or marka og bles livsens ande i nasa hans, og mannen fekk sjel og liv» (1. Moseb. 2,7).

Der tok det til. Av dette ordet går

det klart fram at menneske består av lekam, sjel og ånd. Det er det synlege som kan registrerast, målast og vegast, me kallar lekamen vår. Og det er det andre, dette underlege, udiffinerbare

og usynlege, som ikkje kan målast og ikkje vegast som ingen har sett eller veit kor det bur, me kallar sjela.

Aldri har noko menneske teke fram i dagen, dette som er vårt eigentlege menneske, det evige i oss. Me veit at doktoren er ein mykje lerd mann, som har sett seg inn i korleis kroppen er oppbygd og kjenner dei ymse organ og veit kva som er deira oppgåve. Han kjenner og til det fine samspelet mellom det som er materie og liv – livsrørslene, og dei forstyrringar som kan koma inn i dette fine og harmoniske samarbeidet. Eg har tenkt ein heil del på dette og sett kor Gud er stor i sitt skaparverk. I dette fine og harmoniske me ser, frå eit lite barn vert fødd, korleis det veks harmonisk fram og alle organ arbeider saman i eit fellesskap, det er her det kan koma forstyrringar inn. Dette kallar me sjukdom. Her har doktoren si oppgåve å hjelpa lekamen til å koma over skaden, og koma tilbake til eit harmonisk livssamspel. Læra om lekamen kallar me anatomi. Og læra om livsrørslene i lekamen kallar me fysiologi. På dette feltet er det lægevitskapen arbeider. Me har hatt mykje sjukdom i heimen vår, og gjennom den har eg vorte glad i dei som har utforska Guds lover på dette området og bringa mykje hjelp og velsigning.

Men i dag skal me venda interessa ein annan veg, for det feltet som har med lekamen å gjera blir det lagt rikeleg veket på i vår tid. Det går ei veke nå, «hjerte aksjons uken», som du kanskje har lese om. Det gjeld å få denne pumpa som me kallar hjarta, til

å gå. Det er mange unge, og halvgamle som meg, som døyr av di pumpa ikkje klarar meir, og så vil dei ved opplysning og hjelp prøva å halda livet i gang ei stund til. Lukke til med arbeidet!

Læra om sjela

Me får venda oss den andre vegen, til psykologien, læra om sjela. Nå er me klar over at det som lyfter oss opp over dyra, for dei og lever under dei same lover som oss når det gjeld anatomi og fysiologi, *det er at me har ei sjel*. Dette Gud-innblesne livet som me les om i 1. Moseb. 1, 7, det lyfter oss opp til den høgaste skapning på jorda. Guds ord brukar dette sterke biletet at me er skapte i Guds bilete. Det er noko av Gud sjølv som på ein særleg måte er lagt inn i oss, også meg og deg. Dermed er det udøyteleg som Gud, det er ånd.

Nå ser eg at mennesket, som er forvendt på mange vis, set seg sjølv høgt avdi det har fått denne gava. Men mange gonger har eg tenkt at me har liten grunn til å ovmoda oss, for Guds ord seier: «Kva har de som de ikkje har fått.» Særleg lett fell det for den som har fått ei stor sjelsutrustning å ovmoda seg over den som har fått mindre eller lite. Men det viser seg at den som har fått mykje fer like snart vill som den som har fått lite, så det styrer me nok lite med. Men det fører oss i ansvar, for det står at den som mykje har fått, av han skal mykje krevest. Dette gjeld også den sjelsutrustning og den ånd me har fått av Gud. Ein dag skal me alle stå til ansvar overfor Gud – givaren. (Matt. 25, 14–30).

Dette kjem av di me er ansvarlege personvesen overfor Gud.

Når me i dag skulle prøva å tala litt saman om vårt sjelsliv, så må eg verkeleg få seia at det blir med famlande ord. Det er avdi det er eit uhyre vanskeleg emne, og fordi eg veit så lite. Men når eg har teke på meg dette, så får eg seia det vesle eg veit, og me får be Gud om at det må bli oss til hjelp.

Me vil prøva å sjå det frå to synsstader.

Dei sjelsevner me er utstyrt med av Gud, utan i sams spel med eller forhold til Gud.

Her veit me alle at me sit inne med underlege og vidunderlege evner, så her kunne me reint gløyma oss burt. Forresten, det å gløyma er og ei vidunderleg evne. Eg er mykje plaga av å gløyma, så eg stundom fryktar for at eg tek til å bli åreforkalka. Men likevel har eg ofte takka Gud for at eg kan gløyma for det er ei sjelsevne å kunna gløyma – samstundes som det er ei sjels svakheit. Men tok me for oss sansane, for eksempel, dei som er porten inn til vårt åndsliv og den verda me lever i, korleis dei oppfangar inntrykk og fører dei inn på nervene sine underlege band. Ingen forstår nervesystemet, sjølv om dei talar om elektriske impulsar osv., men nok om det. Men det blir i alle fall ført innover til sentrum av hjernen, der sjels-evnene blir sett i funksjon, og der pregar kvart inntrykk noko i vårt indre menneske. Og psykologane seier, om eg hugsar rett, at alle inntrykk, alt det me tenkjer, alt det me ser, alt det me opplever, alt, blir prega

uutsletteleg inn i vårt indre menneske. Og her skil psykologane mellom det *medvitne*, det som me kan registrera og ta fram i tanken og blir kalla vårt *medvetne sjelsliv*, og det som sig bakover i det *undermedvitne sjelsliv*, det som me ikkje rår med i vår tanke og ikkje kan ta fram når me vil. Du har opplevd det mange gonger då du gjekk og tenkte på ei sangstrofe som du ikkje kunne koma på, den var dotten bakom og var borte. Men så ein dag kom den brått skytande opp, og då kunne du heile songen. Du, i den store sekken, vårt undermedvitne sjelsliv, der ligg dei gjøymt alle dei inntrykk du har motteke frå du vart fødd til i dag. Dette tala til meg første gongen eg tala på lydband og høyrd attgjeve kvart einaste ord eg hadde tala. Og så visste eg at i himmelen gjekk eit slikt band, og ikkje berre der, men også her inne i mitt sjelsliv, der tankane, kjenslene og alt det andre blei lagra.

Og så fortel Guds ord oss at ein dag skal det takast fram. Det som vart kviskra i kammerset, skal ropast ut på taket. Eg har og tenkt på det som den rike mannen fekk høyra då han var komen i fortapinga: «Min son, kom ihug –». Dette evige fortapelsens: *Kom ihug!* det er noko av det som skremer meg som kristen og som forkynnar. Du veit det vil bli forferdeleg å gå fortapt frå vårt fedreland, når du kan hugsa den gongen, og den gongen, og den gongen, – Eg tenkte på Adolf i går då han var framme og fortalte om då Gud kalla, og korleis han var overtydd, og kor han sa nei til Guds kall.

Og tenk i æva skal det sitja ein skare av menneske frå vårt norske folk som hugsar den gongen, og den gongen, då Gud var like inn til dei med sitt nåde-kall og så let dei han gå. Alle dei gongene du visste Guds veg, og så gjekk du ein lettare veg, alt kjem då att – *for evig.*

Som ein lagermann ordnar sitt lager, legg det i den skuffa og det i den skuffa, og tek det fram etter som han har bruk for det, slik er det også for oss med det underlege me kallar tanken. Ved tanken kan du vurdera, ta sakene fram og sjå på dei i forhold til andre, byggja opp tankebanar og tankesystem. Av alt det eg må beundra Gud for, så er dette med tanken noko av det som grip meg mest. I det heile så er det dette som gjer at me kan opptre som menneske og leva som menneske mellom menneske. *Våre sjels- og åndsevner som fører oss i ansvars-forhold til Gud.*

For det andre så er det gjennom våre sjels- og åndsevner at me kjem i ansvarsforhold til Gud, for me vert kjent med angst, med skuldkjensla, med fridomslengt, med lukkekjensla, og alt dette som hører med til vårt forhold til Gud. Det er eit kjent fenomen i vår tid at ho er full av angst og nevrose på ymse vis. Det kjem av at sjela meir og mindre konstant lever i ei kjensle av uoppgjort ansvar. Der ligg noko som er uoppgjort, og det fører ansvaret over på deg. Eg har ofte tenkt på skatteseten, når den kjem inn i stova, så er me straks i eit ansvarsforhold til kommunen. Så lenge skatteseten ligg der, så lenge er også ansvaret der, like til eg

går til kasseraren eller kemnaren og betalar han. Då er eg trygg. Ein slik «skattesetel» ligg det i kvart einaste menneskesinn frå fødselen av, som er uoppgjort. Og så kjem frykta for dom som ei kjøvande hand som legg seg over menneskesinnet. Eg har møtt mange menneske, ungdom i si beste tid, som eldre, som går der nedisa under ei domskjensle som reiser med lukka og livsmot. Er du kjend der? Eg er kjend, gjennom lange og tunge år.

Ut frå desse mange og tunge van-skane maktar ikkje nokon å koma sjølv, me må ha hjelp. Og det skjer i dag etter to hovudlinjer.

Den første er at mennesket prøver å hjelpa seg sjølv og kvarandre, d.v.s. dei prøver å løysa det på menneskeleg plan og set Gud utanfor. Og til menneske si ære skal det bli sagt, at her blir det sett mykje inn. Eg trur at misjonen og det som blir sett inn der av kraft og innsats, ikkje er å nemna mot det som blir sett inn for på menneskeleg vis å løysa seg ut av angstkjensla og for å koma seg ut i fridom. Eg skal ikkje ta tid til å prøva å skildra det, endå det var freistande.

Så har me ein ny vitenskap i vår tid, som dei trur å vera komen langt med, den kallast psykoanalyse. Det er å trengja seg innover i sjelslivet, prøva leita seg fram til den staden der angst sit fast og har sin grunn til det som skapar skuldkjensla og angst. Dei analyserer sjelslivet, finn fram til angstten og legg det fram for dei lidande og viser dei kvar dei set fast. Når dei så vert kjend med dette, og godtar det, då taper det makta. Det er skuldkjensla,

som ligg der som eit sår, sår, som er årsaka til angst. Me kan ta eit døme. Eg hadde eit barn med betente mandlar, og doktoren sa at dei måtte bort, for dei låg der betente og sprøyta si gift inn i lekamen så han blei i därleg form. Slik meiner dei også at det er med angstnevrosane som ligg der løynt, når

dei får dei fram i lyset så taper dei makta og angstens blir borte. Eg trur det er noko i det der, – men det kan aldri gi ei sjel att helsa av di det er for grunt.

Meir neste nr.

(Forts. fra forrige nr.)

Når er jeg en kristen?

Av. O. V. Sendstad

Forholdet mellom lovens og evangeliets kjennetegn

Vil vi være kristen etter *loven*, d.v.s. ved vår egen streben, hellighet, vekst, utvikling o.s.v., så kan vi egentlig aldri bli omvendt og aldri komme til tro. Vi skulle jo først bli fullkomne, for vi kunne først kalte oss «omvendt» i det øyeblikk vi var syndfri – d.v.s. vi kunne aldri bli omvendt. Og slik er det også med troen. Skulle vi ha rett til å kalte oss «troende», så måtte troen være fullkommen i styrke og kvalitet, ellers var det ingen tro etter *lovens* mening.

Men vil vi være kristne etter *evangeliet*, da kan vi bli det *her* på dette sted og *nå* i dette øyeblikk, d.v.s. hvis du kommer som du er, og tror Jesus. For ifølge evangeliet skal du ikke selv være fullkommen for å bli frelst, men du skal få fullkommenhet idet du ved troen av Gud tilregnes forlatelse i Jesu blod og rettferdighet i Ham (Rom. 8,1, 1. Joh. 1,7).

Her ser du dypt inn i forholdet mellom lov og evangelium:

I loven *forbanner* Gud alle syndere, alle skyldige, urene og vanhellige, ja forbanner alle som ikke er syndfrie og fullkomne.

I evangeliet lar Han dette stå ved makt – for Gud kan ikke oppheve loven, da måtte Han oppheve sin hellighet – men samtidig *velsigner* Han oss med den nåde og gave: Å gi oss og tilregne oss og akte og holde oss for uskyldige, rene, hellige, rettferdige og fullkomne *i Jesus*, idet Han tilregner oss Jesus. (Om dette syndens og nådens forhold skriver Paulus uallminnelig klart i Rom. 5,12–21.

Ennå noen ord i denne forbindelse om det omstridte emne, helliggjørelse.

Mange spør: Når jeg nå er blitt omvendt – hva så? To svar er særlig hyppige. Det ene sier, at man skal begynne å anstreng seg igjen – i lovtreldom. Det annet sier, at man etter å ha opplevd omvendelsen også skal ha

en særlig helliggjørelsесopplevelse, hvorved ens indre menneske blir fylt av Ånden og renset til en høyere grad av hellighet (noen lærer endog, at man blir syndfri i denne helliggjørelsесopplevelse).

Ta deg i vare for disse farlige røster!

Den Jesus som er din innbyder, og som er din tros gjenstand, er også din helliggjørelse (1 Kor. 1,30). Er du blitt omvendt, og er du kommet til tro, da vokt deg for all falsk, lovbestemt og svermerisk helliggjørelsесnakk, som kun fordunkler Jesus, og la all din helliggjørelsесvisdom være denne enkle lære:

Kom daglig til Jesus som du er og be om forlatelse for dine synder ved Golgata.

Tro at Jesu blod også renser deg fra dine synder som kristen, og Han vil hjelpe deg; be *Ham* å vekke ditt hat til synden, så vil *Han* hjelpe deg i alle ting.

Denne helliggjørelsесlære er fri for all spekulasjon, svermeri og lovtrelldom. Lev etter det så skal du bære frukt, som er omvendelsen verdig. For bedre enn alle slags teorier om helliggjørelse er det å bli helliggjort i omgang med Jesus.

La meg så til slutt si noen ord om:

Å være viss på at man er frelst

For Herren er det nemlig en hovedsak å få oss frigjort og å gi oss den indre visshet og fred, samt det i Rom. 8,16 omtalte vitnesbyrd om å være et Guds barn. Nå er det slik med all visshet at den må ha et grunnlag å hvile i og bygge på. Også frelesesvissheten må ha et grunnlag.

Der kan ligge to ting til grunn for frelesesvissheten: Enten kan grunnen *ligge i meg*, eller i noe *utenfor meg*.

Når frelesesvisshetens grunn ligger *i meg*, da ligger den i min vilje, følelse, tro, glede, fred – kort sagt i min egen tilstand. Og jeg kan bli meget glad, lykkelig og frimodig ved å eie visshet på denne måte; for jeg vet jo at alt som rører seg i meg, av hellige følelser, troens glede, Åndens frukt o.s.v. det kommer alt sammen av at Kristus bor i meg. Og vi kan da si at vi bygger vår visshet på «Kristus i oss».

Men nå viser erfaringen, at denne grunn for vissheten er noe ustabil og omskiftelig, Den ene dag føler jeg meg glad, trøstet, sterk og frimodig, når jeg fornemmer meget av «*Kristus i meg*», Men neste dag er all trøst kanskje helt forsvunnet, når jeg tross Kristi boen i meg merker syndige lyster, ja faller i synd.

Denne «visshet» uvisshet beror på at det Kristus virker *i meg*, aldri er fullendt, aldri ferdig, avsluttet, fullbragt og fullkommen, men alltid i vekst, vorden, utvikling – og først avsluttes i himmelen.

Men en fast stabil visshet kan ikke bygge på noe uferdig og uavsluttet, den må bygges på noe ferdig og fullbragt og fullendt.

Et sådant grunnlag for vissheten finnes – men ikke *i meg* – derimot *utenfor meg*; I Jesu evige ord og i Jesu fullbragte verk, i Jesu person og i Golgatas soning.

Denne grunn er fast:

Innbydelsen er viss: Det heter, at vi alltid får komme. Det står fast!

Tilsagnet er visst: Han vil alltid og kan alltid rense i sitt blod. Det står fast!

Soningen, straffen er utstått. Det er visst. Det står fast (Es. 53,4ff).

Verden er forlikt med Gud (2 Kor. 5,19ff). Det står fast! Da er også *jeg* forlikt uten noen gjerning fra min side.

På grunn av det som er *utenfor* meg, innbydelse, tilsagn, soning, Ordet, ved det som er i Kristus, kan jeg i alle henseender, til enhver tid, i en hvilken som helst tilstand, på et hvilket som helst sted, få visshet og eie visshet – i kraft av Ordet.

Det er store ord. Men priset være Gud: Det er *sanne* ord. For den fulle visshet eies ikke ved at Kristus er *i meg*, men ved at jeg er *i Kristus* (rom. 8,1), Og den fulle visshet eies ikke ved at jeg lever og dør *for Kristus*, men ved at Kristus døde og lever *for meg* (2 Kor. 5,15).

Dette er et usvikelig og urokkelig og sant ord. Det er ikke mine tanker, men Guds ord som er i stand til å frelse deg her og nå, for tid og evighet hvis du vil ta imot og tro Ham. Amen.

Program for sommerskolene

Sommerskole med årsmøte på Solborg Folkehøgskole, Stavanger i tiden 20/7 til 24/7 1988.

Talere: Odd Dyrøy, Einar Kristoffersen, Sven A. Berglund, Reidar Linkjendal, Amund Lid og Lars Fossdal.

Leder: Karl B. Bø.

Program:

Onsdag 20/7:

Kl. 19.00: Samling og kveldsmat.

Kl. 20.00: Kveldsmøte ved Odd Dyrøy.

Torsdag 21/7:

Kl. 10.00: Årsmøte. Andakt ved Olav Klavenes.

Kl. 17.00: Bibeltime ved Einar Kristoffersen. Emne: «I de dager».

Kl. 20.00: Kveldsmøte ved Sven A. Berglund.

Fredag 22/7:

Kl. 10.00: Bibeltime ved Amund Lid. Emne: «Guds dyre lovna der og vår dyre tru».

Kl. 11.30: Bibeltime ved Reidar Linkjendal.

Kl. 17.00: Bibeltime ved Odd Dyrøy. Emne: «Eg har herleggjort deg på jorda».

Kl. 20.00: Kveldsmøte ved Lars Fossdal. Offer.

Lørdag 23/7:

Kl. 10.00: Nattverdmøte.

Kl. 11.30: Bibeltime ved Odd Dyrøy.
Emne: «Barnekåret».

Kl. 17.00: Bibeltime ved Reidar Linkjendal.

Kl. 20.00: Kveldsmøte ved Einar Kristoffersen.

Søndag 24/7:

Kl. 10.00: Møte ved Sven A. Berglund. Offer.

Kl. 11.30: Møte ved Einar Kristoffersen.

Kl. 13.00: Middag som avslutning på sommerskolen.

**Innmelding innen 25/6 -88 til Karl B. Bø, Vistnesveien, 4070 Randaberg.
Tlf. (04) 59 87 46.**

Sommerskole på Rauma Folkehøgskole, Molde i tiden 29/6 til 3/7 1988.
Talere: Odd Dyrøy, Einar Kristoffersen, Sven A. Berglund, Reidar Linkjendal, Godtfred Nygård og Håvar Fjære.

Leder: Sven A. Berglund.

Program:

Onsdag 29/6:

Kl. 19.00: Samling og kveldsmat.

Kl. 20.00: Kveldsmøte ved Sven A. Berglund.

Torsdag 30/6:

Kl. 10.00: Bibeltime ved Odd Dyrøy.
Emne: «Det profetiske ordet».

Kl. 11.30: Bibeltime ved Sven A. Berglund.

Kl. 17.00: Bibeltime ved Einar Kristoffersen. Emne: «Samfunn i Ordet».

Kl. 20.00: Kveldsmøte ved Reidar Linkjendal.

Fredag 1/7:

Kl. 10.00: Bibeltime ved Håvar Fjære. Emne: «De tre kors».

Kl. 11.30: Bibeltime ved Odd Dyrøy.
Emne: «Den hemmelige død».

Kl. 17.00: Bibeltime ved Reidar Linkjendal.

Kl. 20.00: Kveldsmøte ved Godtfred Nygård. Offer til misjonen.

Lørdag 2/7:

Kl. 10.00: Nattverdmøte.

Kl. 11.30: Bibeltime ved Einar Kristoffersen. Emne: «Hjem er den barmhjertige samaritan?».

Kl. 17.00: Bibeltime ved Reidar Linkjendal.

Kl. 20.00: Kveldsmøte ved Odd Dyrøy. Emne: «Guds store frelse».

Søndag 3/7:

Kl. 10.00: Møte ved Håvar Fjære.
Offer til misjonen.

Kl. 11.30: Møte ved Sven A. Berglund.

Kl. 13.00: Middag som avslutning på sommerskolen.

**Innmelding innen 4/6 -88 til Håvar Fjære, Goksjøruta, 3200 Sandefjord.
Tlf. (034) 10831.**

Solborg Folkehøgskule, Stavanger

Pris for opphaldet: Full pensjon m/ oppreid seng, kr. 980,- (tillegg for enkeltrom, kr. 140,-). Full pensjon u/ oppreid seng, kr. 800,-. Under 13 år, halv pris. Under 4 år, fritt.

Familierabatt: For born under 18 år skal det berre betalast for dei 2 eldste.
Mattidene: Frukost kl. 9.00, middag kl. 13.00, kaffi kl. 16.30, kveldsmat kl. 19.00.

Teltplass eller campingvogn, kr. 60,- pr. døgn.

Innmelding innan 25/6-88 til Karl B. Bø, Vistnesveien, 4070 Randaberg. Telefon (04) 598746.

Rauma Folkehøgskule, Molde

Pris for opphaldet: Full pensjon m/ oppreid seng, kr. 1000,-. Full pensjon u/ oppreid seng, kr. 750,-. Under 13 år, kr. 700,-. Under 4 år m/eiga seng, kr. 400,-. Under 4 år u/seng, fritt.

Familierabatt: For born under 18 år skal det berre betalast for dei 2 eldste.

Mattidene: Frukost kl. 9.00, middag kl. 13.00, kaffi kl. 16.30, kveldsmat kl. 19.00.

Teltplass eller campingvogn, kr. 70,- pr. døgn.

Innmelding innan 4/6-88 til Håvar Fjære, Goksjøruta, 3200 Sandefjord. Telefon (034) 10831.

Ny forkynner i Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Lars Fossdal fra Andebu i Vestfold har tatt imot kallet til å reise som forkynner i Norsk Luthersk Lekmannsmisjon. Det er med stor glede at vi har fått enda en ny, ung forkynner – i tillegg til de 2 som kom til i 1985/86.

Lars Fossdal, som er ugift, er 32 år gammel. Han har tidligere reist med Ordet 9 år i Misjonssambandet. De siste 3 årene har han hatt annet arbeid

og ellers virket som fritidsforkynner.

Det synes nå som en ny generasjon er i ferd med å tre inn i plassene til de trofaste, eldre forkynnerne som etter hvert går over i pensjonistenes rekke. En kjenner trang å si med salmisten: «Av Herren er dette gjort, det er underfullt i våre øyne.»

*For styret
Ragnar Opstad*